

INFORMASJON

HYRDINGRØYSTA

NR. 1/2026

PÅSKE

Grunnlagt 1938

87. årgang



God påske!

Frå redaksjonen



Foto: Ståle Fossheim

Vi har lagt bak oss den tørraste perioden på lang tid - ein flott vinter å nyte ute; til fots, i slalåmbakken og på skøyter.

Skigåing har det vore mindre med, men ein det har vore skispor å sjå somme stader. Likevel er det nok isen på Jolstravatnet som har lokka mest – det er ikkje kvart år ein kan bruke Jolstravatnet til leikeplass. Dermed var det òg hundrevis av menneske på isen ved Vassenden då «Skøytesportens dag» vart arrangert den 8. februar. Det var lagt opp til mange ulike aktivitetar, og folk kosa seg i sola og finværet. Isen vart flittig nytta i tida deretter òg, til snøen og mildværet kom etter eit par veker. Det må nesten kallast frigjerande å få nytte vatnet på denne måten år om anna. Jolstravatnet ligg som eit midtpunkt i bygda, alle har eit forhold til det. Ståande midt ut på vatnet, med utsyn i alle retningar, ser ein bygda på ein litt «ny» måte. Ho vert endå meir storslått, skaparverket kjem nærmare. Redaksjonen fann det dermed naturleg å pryde framsida av Hyrdingrøysta med eit bilete frå den store skøytedagen.

Påska nærmar seg, og mange ser fram til å byte frå skøyter til fine skiturar. Vi må håpe det vert ei råd med det, og at det er trygt å ta seg innover dal og fjell. I våre dagar knyter folk gjerne påska til sol og skiturar med kakao, appelsinar og påskegodt, naturleg nok. Samstundes kan det vere greitt å minne om

kva påska står for. Palmesøndag vert feira til minne om Jesus sitt inntog i Jerusalem på eit esel, då folket hylla han med palmeblad. Veka som følgjer vert kalla den stille veka, og er ei høgtid der den kristne bodskapen spenner frå sorg til glede og frå fortvilning til håp. Korsvandringar vert arrangert til minne om Jesu marsj til Golgata, berande på krossen.

Over heile den kristne og jødiske verda fyller millionar av menneske kyrkjene i påska. Også her hjå oss vert det rikeleg høve til å sjå innoe ei av kyrkjene våre, då det vert gudsteneste kvar einaste helgedag.

Det kan gjere godt med ei stille stund i kyrkja, vekk frå alle medieoppslag om løgn, bedrag og korrupsjon. Vi får ufatteleg mykje informasjon frå heile verda kvar einaste dag. Vi må trene på å sile informasjonen. Det gjer vi best ved å diskutere med andre, høyre ulike synspunkt, reflektere og stille spørsmål, og gjere oss opp og stå for eigne meiningar. Det er ikkje lett, vi kjenner til digitale kommentarfelt og såkalla net troll. Desto viktigare er det å stå opp for det ein meiner. Trond Viggo Torgersen seier det så sant: «Du må tenke sjøl og mene, måtte stå for det du sa, ikke vri deg unna, ikke være likeglad. Ikke late som du ikke mente det du sa, ikke si som andre. Du må tenke sjøl».

La oss alle gjere det – tenke sjølv. God påske!

KYRKJA I JØLSTER

KYRKJEKONTORET

☎ 57 82 81 80

Ope tysdag 9-15: Tilsette kan treffast etter avtale også resten av veka.

post.jolster@sunnfjordkyrkja.no

www.kyrkja.no

www.facebook.com/kyrkeneijolster

HOVUDKONTORET I FØRDE

☎ 57 82 81 80

epost: sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd:

Bjørn Harald Haugsvær ☎ 480 07 375

Ålhus sokn:

Annette Slåtten ☎ 971 21 363

Helgheim sokn:

Hildegunn Huus ☎ 417 58 462

Fungerande sokneprest

Geir Sørøbø ☎ 957 29 172

epost: gods@online.no

Kantor

Rune Molvik ☎ 991 27 430

epost: rune.molvik@sunnfjordkyrkja.no

Kontortid tysdag kl. 9-15

Kyrkjelydspedagog

Silje Sørøbø ☎ 473 99 492

epost: silje.sorebo@sunnfjordkyrkja.no

Trusopplærar: Gerd Sunde Førde

epost: gerd.forde@sunnfjordkyrkja.no

Sekretær Toril Øye

Kontortid tysdag kl. 9-15

epost: post.jolster@sunnfjordkyrkja.no

Kyrkjeveerje Sissel Vartdal

☎ 489 91 257

epost: sissel.vartdal@sunnfjordkyrkja.no

Kontortid etter avtale

Ass. kyrkjeveerje og økonomileiar

Trond Herløund ☎ 489 58 086

epost: trond.herlosund@sunnfjordkyrkja.no

Driftsleiar

Ingvar Vagstad ☎ 911 38 732

epost: ingvar.vagstad@sunnfjordkyrkja.no

Kyrkjegardsarbeidar/driftsleiar

Helge Ardal ☎ 976 49 016

epost: helge.ardal@sunnfjordkyrkja.no

Ålhus kyrkje/Vassenden kyrkjesenter

Kyrkjetenar/reinhold:

Aman Beyene ☎ 998 65 659

Klokkar dugnad etter liste

Helgheim kyrkje

Kyrkjetenar/Klokkar:

Solrunn Dvergsdal og Karen Elise Erikstad

Reinhold: Aman Beyene

Utleigenummer Misjonshuset på Skei

☎ 959 48 849

Utleige Vassenden kyrkjesenter

☎ 971 20 085

v:pps

HYRDINGRØYSTA
kyrkjelydsblad Jølster

#31680



Bladpengane er den viktigaste inntektskjelda vår. Om alle betalar kan vi lage eit både fyldigare og betre blad.

Kontonummer
3703.30.09225

HYRDINGRØYSTA



KYRKJEBLAD FOR JØLSTER

ANDAKT

Ved praktikantprest SYNØVE AABERG

Kom og gå saman med meg

For nokre år sidan laga rappegruppa Klovner i Kamp ein låt til filmen «Solan og Ludvig – herfra til Flåklypa». Songen heiter «Langt å gå», og er ein låt som har både fengande melodi, artig tekst og ikkje minst ein video som illustrerer låta på ein morosam måte.

Om ein høyrer forbi den fengande melodien og lyttar til teksten, gjev dei oss gjennom humoren også djupe og kloke ord å ta med seg.

Kort oppsummert spør dei i nokre av versa: Kva gjer ein når livet blir snudd opp ned? Kva gjer ein når frykta for det ukjente kjem? Kva gjer ein når noko blir alt for stort og uoverkommeleg? Kva gjer ein når det som ikkje skal skje, skjer? Kva gjer ein når det uforutsette kan hende sjølv dei beste, dei som alltid har alt under kontroll. Kva gjer ein då?

Kva gjer du då? Eg veit kva eg gjer når livet blir snudd opp ned. Eg gjer to ting. For meg

er det naturleg som kristen å vende meg til Jesus med alt eg ber på. Og då meiner eg alt, alt frå fortvilning, frustrasjon, sinne, frykt – ting som hender i livet mitt som eg treng å sette ord på og få blåst ut. Denne utblåsinga kan like gjerne vere retta mot Jesus sjølv. Om det er nokon som toler å høyre det eg lirer av meg, så er det han. Han som kjenner meg fullt ut, akkurat slik eg er. Han som kjenner sjølv mine inste tankar, dei tankane som eg ikkje klarer å sette ord på. Han vender sitt øyre til meg og høyrer både mine høglytte rop og mine stille u-utalte sukk.

Men det var berre den eine tingen. Kva er det andre eg gjer når livet kjennest litt i meste laget? Eg vender meg til venene mine, familien min, kollegaene mine. Sjølv Jesus gjorde det same, i sitt livs største og vanskelegaste kamp bad han til Gud, samstundes bad han også om støtte frå venene sine – at dei skulle vere saman med han. Ikkje fordi dei kunne ta bort det han kjempa med, men fordi det var godt for han

å ha nokon fysisk rundt seg som han kunne dele kampen og smerta med. Det er ikkje noko motsetning i det – å både vende seg til Gud og vende seg til venene sine – eg vil heller seie at dei utfyller kvarandre.

I Ordspråka 17, 17 står det: «*Ein ven viser alltid kjærleik, og ein frende er fødd til å hjelpe i naud*».

Når livet blir snudd opp ned, då er det som Klovner i Kamp syng – godt å ha venene. Dei som fysisk kan vere rundt meg, tre hjelpande til, bygge meg opp med sitt nærvær når eg er i naud. Dei som trass i at det kan vere langt å gå, vel å gå saman med meg. Når livet blir snudd opp ned, då er det godt å ha venene, då er det godt å ha Jesus som høyrer alle vår rop og stille bønner.

HYRDINGRØYSTA

kjem ut med fire blad i året, og vert sendt til alle husstandar i Jølster som informasjon.

Ein giro på kr 250,- vert sendt ut med bladet ein gong i året. Betalinga er frivillig. Annonsøren støttar bladet med kr 1000,- for fire annonser i fire nummer pr år.

For abonnentar utanom kommunen: kr 350,- pr år. Må tingast. Kontonummer til Hyrdingrøysta: 3703.30.09225.

Bladet slit med økonomien så det er viktig at alle betalar. Alternativet er å legge ned bladet.

BLADSTYRET:

Hildegunn Huus
Ingrid Søyland
epost: hildegso@online.no
soyland.ingrid@gmail.com

Neste utgåve
kjem før påske


FRISTAR 2026

Frist for stoff til
Hyrdingrøysta i 2026:
Sommarnr.: 25.mai
Haustnr.: 1.september
Julenr.: 21.november

I DENNE SPALTA tenkte vi at du kan skrive om eit dikt du likar. Skriv gjerne korleis du vart kjend med diktet, kvifor du likar det, om det påverkar deg på ein spesiell måte,

om du tykkjer det utfordrar deg, gjer deg glad, trist, eller gjer deg ettertenksam. Du kan sjølv velje om du vil presentere heile diktet eller berre nokre vers av det dersom

det er veldig langt. Så er det fint om du utfordrar nokon som kan presentere sitt dikt i neste nummer av bladet. (Legg ved eit bilete av deg sjølv.)



Eit dikt eg er glad i

Denne gongen har Hallrun Marit Sordal Bergset ordet. Ho kjem opphavleg frå Eikefjord, og bur i Bøafeltet på Vassenden. Mange kjenner henne nok frå legekonnoret på Skei. Diktet ho har valt, treng ikkje nærmare analyse – det talar for seg sjølv:

Eg har lova å finne eit dikt, men det er vanskeleg å velje eit blant mange. Dette diktet stod på eit kort som eg og min mann fekk til sølvbryllaupet vårt for mange år sidan:

God dag, kjære medmenneske,
Ta deg tid til å vere lykkeleg
Du er eit vandrande under på denne jord.
Du er eineståande, spesiell, uerstattelig.
Veit du det?

Syns du det er så kvardagsleg,
Så sjølv sagt at du lever,
Får synge, danse og vere lykkeleg?

Ta deg tid til å vere lykkeleg
Tida er ingen motorveg mellom vogga og grava,
Men ein plass å parkere i sola.

Frå «Kjære medmenneske» Phil Bosmans

Hallrun Marit Sordal Bergset



Kven er konge i jungelen

Kode B agentane, 4. klassingane i Jølster, song og rappar i gudstenesta på Ålhus 8. februar.

*Kven er konge i jungelen
Kven er konge på sjøen
Kven er konge i universet
Kven er kongen min?*



Ein prat med Synnøve Aaberg



Praktikantprest Synnøve Aaberg.

Synnøve Aaberg er for tida i stiftspraksis i Jølster. Etter gudstenesta på kyrkjesenteret får Hyrdingrøysta høve til å ta ein prat med henne.

Det vi veit om ho frå før, er at ho for tida er i ei *prest under utdanning-stilling* i Selje, Leikanger og Ervik sokn på Stadt. Dvs. at ho har arbeidd som sokneprest der i nokre år, mens ho har teke utdanning.

Stiftspraksis er fem veker presteteneste under praktikum, som er siste halvår av prestetenesta. Her gjer ho alle presteoppgåver og er sjølvstendig i oppgåvene.

Vi ønskjer Synnøve velkomen til Jølster, og ber henne seie litt om seg sjølv. Ho fortel at ho opphavleg kjem frå Oldedalen. Ho har vore lærar i 20 år og undervist på alle klasseteg, fleire stader i landet. I fire år har ho vore husmor på sjømannskyrkja i Stockholm. Ho har alltid hatt nær tilknytning til kyrkjeleg arbeid, men hadde opphavleg ikkje planar om å bli prest. Etter kvart kjende ho likevel på at det var vegen ho ville gå, og ho har til dels lært faget i samband med å drive anna kyrkjeleg arbeid. Ho begynte utdanninga i Sverige, og for tre år sidan kom ho til Selje. Der trivst ho

svært godt, arbeider som sokneprest, og skal halde fram der etter enda utdanning.

Så spør vi om ho har noko kjennskap til Jølster og jølstringar. Jau, då viser det seg at ho har vore mykje på Vassenden i barndommen, for Lina Randi Aarseth var tanta hennar. Jølstringane er stødige folk, seier ho.

Vi spør kva ho set høgast med prestegjerna, kvifor ho ville bli prest, og ho lyser opp: «Det gir meg så mykje å vere prest!» Å ha kontakt med menneske og samtale med folk i alle livssituasjonar, det er gjevande. Ho set stor pris på kontakten med konfirantar – dei har så mykje å undre seg over og spørje om, det er viktig å gje rom for det - å tenkje i lag. Det imponerer henne at ungdomar tek valet om å konfirmere seg, også om dei ikkje er døypte. Kjekkast av alt er altså møtet med menneske. Å snakke med folk gjer henne rikare. Det å møte folk i ulike livsfasar og få lov til å formidle håpet om Jesus Kristus, gjer tenesta meningsfull.

Vi takkar for samtalen og ønskjer lukke til med arbeidet i kyrkjene i Jølster, vel vitande om at ho skal få nok å gjere i den perioden ho er her.




Jesus lever, gravi brast!
Han stod opp med guddoms velde.
Trøysti står som fjellet fast:
Kristi strid og blod skal gjelde.
Lynet blinkar, jordi bever,
gravi brast, og Jesus lever.

Eg har vunne, Jesus vann,
mørkheims makt for honom romde:
Krist or gravi utgang fann,
og for evig dauden dømde.
Open har eg himlen funne,
Jesus vann, og eg har vunne!

Vinter



Frå Grovabreen. Foto: Steinar Dvergstad.



Utsikt frå vegen opp til Hamnanova

PÅSKE!

- Påske er:**
- Påskeferie
 - Påskebodskapen
 - Påskesalmar
 - Påsketurar/ferie
 - Påskefjell med sol og kvite vidder, eller påske ved sjøen
 - Påskesyslar
 - Påskekrim
 - Påskemat
 - Påskegodt

Tekst og foto: HILDEGUNN HUUS

Påska er som alle andre tider på året. Den kan fyllast med det ein måtte ynskje eller finn naturleg, etter kva tid den kjem. Kjem den tidleg, er det vinter, og ein fyller den med vinteraktivitetar. Men kjem påska seint, er det nok fleire som nyttar dagane til våronn, om det er i hagen, med båten eller på garden. No vil eg synse litt om dei punkta som er plukka ut ovanfor, og så får de like eller mislike dei.

Påskeferie:

Påskeferie er det fordi påska er på høgtidsdagane som er vedtekne skal vere offentlege fridagar. Ein skal ha høve til å samlast om bodskapen Jesu død og oppstode. Hadde det ikkje vore for den kristne bodskapen og trua,

ville ein kalla det heilt vanlege fridagar, eller ferie, som ein kanskje ikkje elles hadde hatt. Det er ikkje same trykket over ferie som det er over påskeferie, og kvifor ikkje det? Berre ordet påskeferie lovar meir enn ordet ferie. Det er ikkje berre noko eg seier, det har med påskebodskapen å gjere, om ein trur eller ikkje, og ein ser det av all reklamen om påske. Påskeegg, påskehare, m. m.

Påskebodskapen:

Påskebodskapen kjem tydeleg fram i bibelen, som palmesundag då Jesus rei inn i Jerusalem, skjærtorsdag då Jesus og disiplane åt påskemåltidet saman, langfredag då Jesus vart hengd på ein kross for å døydje fordi bodskapen hans ikkje passa alle, og så den gledens påskemorgon då Jesus stod opp frå dei døde. Det er mykje å skrive om påskebodskapen, men det eg skriv her er berre i påminning om den.

Påskesalmar:

Når ein snakkar om påskebodskapen, må ein ta med påskesalmane som er med å gjere påskebodskapen komplett, om ein kan seie det slik. Døme på salmar som vert sunge rundt påske: «Han er oppstanden, halleluja, På Golgata stod det eit kors.».

Påsketurar/ferie:

Eg trur det vert vanskeleg å hevde at påskebodskapen er det viktigaste for dei fleste i

samband med påska. Eg snakkar for meg sjølv, og er ærleg på at påskeferie som ferie er det aller beste. Det lysnar etter ein vinter, og ein er klar til vårarbeid og å nyte alt det våren har å by på. Eg er oppvaksen med at ein ikkje skal arbeide på høgtids- og helgedagar, men det er svært freistande. Før, når ein verkeleg sleit i arbeidet ein stod i, var det godt å legge ned arbeidet nokre dagar for å samle nye krefter, og spesielt om våren, men no er det ikkje så mange som kjenner det slik.

Påskefjell med sol og kvite vidder, eller påske ved sjøen og syslar der:

Mange av oss får stjerner i auga når vi snakkar om påska med skiturar og solsleiking. Men det er og mange som får dei same stjernene i auga av båtpuss og sjøluft. Det er desse tilhøva kyrkja skal konkurrere med når den innbyr til påskedugstenester. Som kyrkje må ein berre gå inn i denne konkurransen, sjølv om ein veit at det er vanskeleg å vinne. Nokre gonger



Hekla bie.



Resultat av påskeegg-leiting.



Påskekyllingar

vinn kyrkja litt, og då helst i dårleg påskever. Men det går faktisk an å både nyte fjellet, båt-pussen og gå på ei eller fleire gudstenester. Og då nemner eg kveldsgudstenester, men ettermiddagen er lang når det lir ut på våren, så ein kan få med seg mykje etter gudstenester på føremiddagen òg.

Påskesyslar:


Påskesyslar er mykje. Både skiturar, sykkel-turar, andre turar, gudstenestevitjing, lesing, spel, konkurransar, og ikkje minst eting, er syslar som ein kan gjere i påska. Blad, bøker og aviser som kjem ut rundt påska er fulle av idear. I butikkane er det eit stort utval av spel. Etter lange dagar i det fri er det godt å sette seg og trimme dei «små grå», eller konkurrere med familie, venner. Eit handarbeid er og fint å ha, det er ikkje arbeid, men kos (under-teikna sin definisjon). Hekl ei ugle eller ei bie og heng på ei grein, fin pynt.

Påskekrim:

Det er rikeleg med krimbøker og krimseriar som ved påsketider vert karakterisert som påskekrim, kvifor veit eg ikkje. Eg vel å tru at det er fordi ein gjerne har litt ekstra tid når ein har fri på heilagdagane, og så har bokseljarar funne ein nisje for å reklamere for krim rundt slike dagar. Resultat av slik reklame og informasjon gjer at salet aukar, og ein har fått ordet påskekrim. På tv konkurrerer kanalane om å tilby mest og «best» påskekrim.

Påskemat:

Det er vel eigentleg opplese og vedteke at lam er påskemat. Men det skal vere gule bol-lar, gul saus, appelsinsaus, sitronkake, litt gur-kemeie i forskjellig mat, så blir den påskegul. Vanilje i puddingar og sausar gjer dei gule. Det er berre å godta at påskemat er vorte like nødvendig som julemat for dei som skal re-klamere og selje. Og vi let oss påverke.



Hekla ugle.

Påsegodt:

Påsegodt er òg blitt «god forretning». På-skemarsipan er minst like populært som mar-sipangrisen til jul, og eit velfyllt påskeegg er ei nødvendighet for å få ei god påske. Men der vil eg seie, legg ein litt arbeid i det og gøymer påskeegget godt, kan ein få ei aktiv stund for dei som er med.

Som ein ser, har påskebodskapen mange konkurrentar, eller skal ein sjå veldig positivt på det og seie mange samarbeidsområde, om ein finn koden.

God Påske



Frå grasrota

I vår nye faste spalte «Frå grasrota» ønskjer vi å gje plass til alle som på ein eller annan måte forvaltar jorda og ressursane som Vårherre har gitt oss så rikeleg av.

Hagen min

«Skriv om hagen din; du likar blomster og har hageglede», seier Ingrid, når eg vegrar meg på spørsmålet om å skrive i Hyrdingrøysta.

Tekst og bilete: LAILA AVEDAL STØFRING

Tja, det er no mykje ein kan fortelje om livet i hagen, eller «småbruket vårt», som eg kallar hagen når eg tykkjer eg ikkje rekk over alt.

Hagen treng ikkje berre vere til stas med fine busker, tre og vakre blomster. Nei, hagen kan romme så mykje anna som skapar trivsel og hygge, som lune sitjeplassar til familieliv eller ro og kvile, leikestativ med disser til barneborna, fugleholkar til småfuglane, - eller som mannen min og eg hadde snakka litt om; ein hagedam. Og plutsleg ein dag oppdaga eg ei gravemaskin på tunet. Stein, planter og jord vart fjerna i ein fart, nesten før eg fekk sagt «Å nei og nei, for eit rot!» Men det gjekk fint, me gjekk i gang og skrapa vekk restar av jord, kosta og spylte med vatn. Og der låg nakne berget, med to fordjupingar, som var perfekte til å samle vatn i. Dei to grunne dammane i berget har i mange år vore til stor glede for mange, og tilfører framleis mykje liv og røre. Ein dag fann eg to fine, grå måsungar i dammen. Korleis dei var komne dit, er eit mysterium, men dei var frakta forsiktig ned til Flugelona.

Ungane elsker å leike rundt og i dammen (har vore mange våte sko og kle etter leik der), eg hentar vatn der til å vatne blomstrane med, og både kattar og fuglar liker å drikke der. Det som er med desse fine kattepusane, er at dei både bruker blomsterbede til toalett og ligg på lur for å fange mine høgt skatta



småfuglar. Kjem eg over dei då, får dei seg ein streng reprimande. Men elles, når det er stille og fredelig i tunet, kjem fuglane dalande, for å få seg litt vatn. I same vendinga tek dei seg eit lite bad inne på grunna i dammen. Artig å sjå kor dei vaskar og pussar seg så vassdråpane fyk rundt dei, og etterpå er det stell og tørking av fjora.

I hagen kan ein få utløp for all den kreativiteten ein har. Få bruke ideane og tankane ein har i høver blommar og bed, matauk med bær og frukt, og elles gjere hagen til ein god stad å vere. Hagen har sine fire årstider – og tenk! snart er våren her. Eg seier som Ingrid Geit- hus i diktboka Ferdaskrinet, der ho i skriv siste verset av diktet Haust:


*Nei, gjev meg våren med sol i fanget,
med fuglekviitter og blomeange.
Så lenge blodet i åra renn,
er eg som blomen mot soli vend.*



For meg startar våren og hagesesongen i slutten av mars. Då dukkar den fine starefuglen opp, og eg vert glad når eg høyrer lyden av dei. Sjølv om talet på stare har minka siste åra, brukar eit par å ha reir i fuglekassen i furua. Meisene syng òg vårsongen sin, og kappast om å inspisere fuglekassane. No etter kvart står sola høgare på himmelen, og temperaturen stig. Me ventar på ein god vår og ein «laaaang» sommar. Det kriblar i hendene etter å rydde vekk kvist og rusk i hagen etter vinteren, for eg ser allereie i snøklukkene og dei vakre klosterklukkene. Når frosten slepper taket og molda vert varmare, tittar dei fram, litt etter kvart, både krokus, primula, liljer og tulipantar.

Våren er tida til å yte litt omsorg for fuk- siaene, pelargoniaene og dei andre plantane som har overvintra i plantehuset. Her ligg gradetalet på ca.6-8°C. Me lagrar òg mat og settepoteter der.

Medan eg ordnar med blomstrane, så tek min kjære seg av alt «tungarbeidet», som å tømme kompostbingen. Han vender alt ned i potetåkeren og lagar åkeren klar til å setje potetene.



Juni måned, og sommaren er like rundt hjørnet. No tek eg sjansen på å plante ut begoniaer og andre planter i krukker og amplar. Rabarbraen skyt fort opp, og litt seinare modnar bringebær og rips. Då vert det smulepai, is og kaffikos på verandaen med gjengen, små og store. Det vert ofte slik at familien samlar seg her, sidan me «heimeverande» har tid til å servere kaffimat.

Ein ser alltid noko som skulle vore gjort i hagen, men me må hugse å nyte godversdagane. Ta oss tid til å rusle rundt i hagen og oppdage at no skal den blomen sprette ut, nyte lukta av syrinen, sjå på dei arbeidsame humlene, biene og insekta som surrar rundt. Klippe bukettar av peonar og roser, sjå på

fuglane som matar ungane sine, eller rett og slett legge seg på verandasofaen og kvile.

Som mange andre, likar me å reise og ha litt ferie. Då hjelper dotrene til med å vatne og sjå om hus og hage, så vert det bytearbeid å få seinare. Den gong me bygde hus og byrja opparbeide hagen, bestemte me oss for å ha ein del nytteplanter. Med åra vart det både diverse bærbusker, bringebær, plomme- og epletre. Eple vart det lite av, men me hadde epletre i mange år fordi det blomstra så fint. Plommetrea gjekk det betre med. Grønsaker og jordbær slutta me med etter ei tid, for det vart for mykje å stelle om sommaren.

Hausten nærmar seg, og det er tid for å plukke hagebæra og gå i gang med å sylte

og safte. Plommene modnar òg etter kvart, ikkje alle år er like, men dei siste åra har det vore bra avling. Nydeleg å ete plommer rett frå trea.

Ein dag med bra ver får vi potetene opp av jorda og i hus. Det er stas, i alle fall når avlinga er bra. Sommaren har likevel gått fort, som vanleg, og hausten er kommen med alle sine fine fargar og klare dagar, men òg med regn og ruskever. Litt vemodig er det at tida går så fort. Brått vert det kaldare i veret og fare for nattefrost. Då er det berre å grave opp skau-gumsbegoniaene, ribbe fukisiaene for blad og blomster, og få dei og pelargoniaene inn i planterommet for overvintring att.

Når haustarbeidet er over, er det å takke for denne sesongen. Vintertid og kalde dagar – planter og strå står pynta med rimfrost. Hagen er i kvilemodus, og snart har den fått eit dekke av snø.



Speidarane i Helgheim sokn:


Eit stort arbeid, men vi skulle gjerne hatt fleire til å hjelpe !

Speidarane driv eit godt arbeid for ein stor flokk ungar/unge. Dei har aktivitetar om lag heile året, og det krev at mange stiller opp og hjelper til.

Tekst: HILDEGUNN HUUS
Bilde: NILS EINAR KJØSNES

Vi har mange dyktige som stiller opp, men vi ynskjer oss fleire. Så er det slik i speidararbeidet som i alt arbeid, at dei som driv blir eldre. Om det er nokon som har litt ekstra tid og lyst, kan de snakke med Svein Årdalsbakke, Mona Årdalsbakke, Åse Britt Øygard, Nils Einar Kjosnes, eller andre som er med og driv speidaren, så får de opplysningar som underteikna ikkje kan gje.

Her er nokre bilde frå speidararbeidet.



– Eg er superhelt

Jølster Barnegospel song og spelte fram full førjulsstemning for eit fullsett Skei misjonshus andre søndag i advent.

Foreldre, besteforeldre, søsken og andre applauderte vilt! Ei og anna tåre vart nok torka diskret bort også.. «Eg er superhelt, for du er med meg.»

Skiftande forsongarar, armrørsler og dei tre vise menn på veg til stallen.

Sjolv med trampeklapp, vart det tid til mat og prat. Deretter var det komplisert kviss, der vilkåret for å kunne hevde seg var at det var både vaksne, born og gamle på laget.

Publikum vende heim klar for jul, og i takksemi til barne- og ungdomsarbeidar Gerd Sunde som maktar å motivere og skape desse fantastiske artistane.



Steinar Dvergsdal



God stemning på Va-Ba-klubb

Redaksjonen i Hyrdingrøysta var tilfeldigvis innom kyrkjesenteret då VaBa-klubben hadde møte ein tysdag i februar.

Ein heil flokk mødrer og ein far med kvar sin baby var møtt fram for å synge og leike saman med Silje. God stemning blant store og små!

Solveig M.S. Lesto har ansvar for at alle får litt å bite i, og vi fekk henne til å ta ein prat med nokre av deltakarane. Ho spurde korleis det er å vere med på babysong:

Camilla: *Ein blir kjend med andre foreldre som har barn på same alder, og sidan eg er innflyttar, er det ekstra kjekt.*

Idun: *Det er eit veldig flott treffpunkt. Ein får kvalitetstid med babyen og avbrekk frå kvardagen heime.*

Begge: *Silje er veldig flink. Her er det ikkje noko krav, berre lågterskeltilbod. Ikkje krav om songstemme, berre kos.*

Enkelte kjem ikkje, fordi dei meiner dei ikkje har songstemme. Det skal slett ikkje vere noka hindring – her kan alle synge med sitt nebb – tilbodet er for absolutt alle!

Skei Misjonshus/Kyrkjelydshuset

Årsmøtet for 2025 vart halde i peisestova på Misjonshuset 9. februar 2025. Utleige av huset har gått på omgang mellom styremedlemmane. Den som til ei kvar tid har oversikt over utleige, disponerer SM sin mobiltelefon og styrer varmen frå denne.

Det var ein liten nedgang i bruk av huset i 2025.

Det kom inn gåver frå personar på til saman kr. 20.000,00 Dei som har gjeve gåver tår takk via SMS.

Sommaren 2023 fekk vi skifta taket på den eldste delen av Misjonshuset. Det var eit tungt løft økonomisk. Takka vere fleire gåvemidlar fekk vi gjennomført arbeidet utan å tømme driftskontoen heilt.

Etter fleire år med underskot, har vi no klart å få positivt resultat i rekneskapen. Basar, quiz-kafé og gåve er det som bergar resultatet.



I fjor tok vi opp ei sak om akustikktiltak i storesalen for å redusere klangen i salen.

Vi har fått kostnadsoverslag på 150 000,- for tiltak. Bla hadde vi invitert Kjell Bijsterbosch for å få forslag til korleis vi kan utføre støydemping.

Vi kjem til å søkje støtte frå «Huset i bygda», men reknar med at vi må finansiere mykje sjølv.

Hildegunn Huus

Fleire glimt frå Laila Avedal Støfring sin hage



EIN PLASS FOR ALLE

Born og unge i kyrkja i Jølster

VI INVITERER TIL DESSE TRUSOPPLÆRINGSSAMLINGANE FOR BORN OG UNGDOM TIL HAUSTEN.

Nokre arrangement har påmelding.

• 13.-15. mars

Konfirmantleir på Alvåra misjonssenter

• 29. mars

Familegudsteneste med utdeling av påskekalender til 2.klassingar frå heile Jølster i Helgheim kyrkje kl.11 (to måndagssamlingar i forkant, på Skei misjonshus for Helgheim sokn og på Vassenden kyrkjesenter for Ålhus sokn)

• 6. april

Påskesamling for små og store (2.påskedag) Vassenden kyrkjesenter kl.17.

Påskesongar, påskeeggjakt, kveldsmat og eggemaling

• 19. april

Samtalegudsteneste for konfirmantar kl.17 på Vassenden kyrkjesenter, med påfølgande konfirmantfest

• 30.-31. mai

Tårnagenthelg for 3. klassingar i heile Jølster i Helgheim kyrkje

AV FASTE TILBOD FOR BARN OG UNGDOM HAR VI:

- **VaBa-klubb** på Vassenden kyrkjesenter kl.17.30 – 18.30 (annankvar tysdag).

• Babysong

Vassenden kyrkjesenter
11.45 (annankvar
tysdag).



på
kl.

- **Torsdagsklubb** på Skei misjonshus kl.17.30 – 18.45 (annankvar torsdag) – 4 år og oppover.

- **Barnegospel** på onsdagar etter skuletid (annakvar veke på Skei skule og på Vassenden kyrkjesenter) – 3. klasse og oppover.

- **Speidargruppe** på Skei onsdagar på Skei misjonshus - 6. kl og oppover.

Hjarteleg velkomen!

Sjå www.kyrkja.no/jolster for informasjon når det nærmar seg.

SONGSTUND OG ANDAKT



**I stova på
SKEI OMSORGSSENTER
kl. 11:00**

**I stova på
VASSENDEN
OMSORGSSENTER
kl.14:00**

7.april
5.mai, 19.mai
2.juni, 16.juni

Alle er velkomne!

Helsing
prost Knut Magne Nesse,
organist Rune Molvik

Kyrkjelydane sine årsmøte



HELGHEIM SOKN

19. april kl.12:15,

Helgheim kyrkje

Årsmøte og kyrkjekaffi etter
gudstenesta

ÅLHUS SOKN

22. april kl. 18:00

Årsmøte i kyrkjestova på
Vassenden kyrkjesenter.

Songkveld og
kveldsmat etterpå

Vinnarar i julelotteriet 2025

- | | |
|------------------------|--------------------------------------|
| 1. Roald Juklestad | Gåvekort frå Øvrebo smykkeverkstad |
| 2. Olin Johanne Henden | Gåve frå Vassenden kyrkjesenter |
| 3. Erling Berg | Gåvekort frå Jølster treningssenter |
| 4. Elisabeth B. Grønli | Gåvekort frå Grand hotel Skei |
| 5. Målfrid Kjøsnes | Gåve frå Jølster bakst |
| 6. Connie Hamre | Gåve frå Jølster bakst |
| 7. Merete Støfring | Gåvekort frå Jølster landskapshotell |
| 8. Kjellaug Grimsbo | Gåvekort frå Fjordamattunet |
| 9. Leiv Årseth | Gåvekort frå Jølster auresfest |
| 10. Rolf Håland | Gåvekort frå Jølster jazzklubb |
| 11. Inge Andersen | Gåvekort frå Eikås frisør |



**Kvar tysdag er det
tidebøn kl. 11:00**

VASSENDEN
KYRKJESENTER
ei stille stund med rom
for ro og ettertanke.
Unntak: når det er
gravferd.

SPAR 
NETTBUTIKK
Alltid same pris
på nett som i butikk

VI HANDLAR FOR DEG!

Bestill på nettbutikk.spar.no
Hent varene ferdig pakka hos
SPAR Jølsterholmen eller
få dei levert på døra.



skei@audhild-viken.no
Tlf. 57 72 81 25



MASKINENTREPRENØR

Ottar Dvergsdal AS

6843 SKEI



EIN SMAK AV TRADISJON

frå Anne Grete og Hilde

Søgnasand • 6843 Skei
Tlf. 951 10 688 / 948 97 236



COOP MARKED VASSENDEN

Måndag–fredag: 8–20
Laurdag: 8–18

Tlf: 57 72 72 00
vassenden@marked.coop.no



COOP PRIX SKEI

Måndag–fredag: 8–22
Laurdag: 8–21

Tlf: 57 72 83 77
prix@coop.no

nordfjord SKIFER *Naturstein av høy kvalitet*

Tlf. 57 72 70 16 / 917 63 804



Avd Jølster • Vikavegen 104, 6843 Skei

TLF 57 72 63 60 / 916 56 542 • EPOST svein@vestlandgruppen.no



Tlf. 57 82 70 30 • fjordan.no • eirik@fjordan.no



Støringdal • Tlf. 951 46 531 • fjordamattunet.no



6847 Vassenden



www.jolsterbil.no Tlf. 57 72 68 90

VASSENDEN TAXI

mob. 482 10022

Drosje, rullestolbil og minibuss



Åsen & Øvrelid as

Tlf. 57 72 38 50



Hytter, bubilplasser, båter, kajaker, fiskeutstyr, mm.
Tlf 920 62 203 Mail: post@jolvassbu.no

MASKINENTREPRENØR
Jostein Sunde As
jostein-sunde.com

Graving Boring Sprenging Transport Steinmassar Kontainerutleige

post@jostein-sunde.com Tlf. 57 72 73 00

JØLSTER
BYGG OG INTERIØR

Tlf: 57 72 74 15 • www.jolsterbygg.no • Besøk oss på Facebook



Bilelaget A/S

Erlend Slåtten

Slåtten Grind & Laft

**TRENG DU NOKON Å
SNAKKE MED?**

Nokre som ringar tenkjer på å ta sitt eige
liv, andre er usikre, einsame eller redde.
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40

SOS
MELDING

SOS
CHAT





MARS

29.03: Palmesøndag
kl. 11:00 Helgheim kyrkje
Familiegudsteneste. Utdeling av påskekalender til 8-åringar for heile Jølster (fellesgudsteneste for Ålhus og Helgheim sokn)

APRIL

02.04: Skjærtorsdag kl. 19:00
Vassenden kyrkjesenter
Skjærtorsdagsgudsteneste med nattverd. Kveldsmat etter gudstenesta.

03.04: Langfredag kl. 11:00 Ålhus kyrkje
Langfredagsgudsteneste / pasjonsgudsteneste med nattverd
05.04: Påskedag kl. 11:00 Helgheim kyrkje.
Høgtidsgudsteneste
06.04: 2. påskedag kl. 17:00 Vassenden kyrkjesenter.
Påskesamling for små og store
Påskeeggjakt for barna, song mm. Kveldsmat etterpå

19.04: 3. søndag i påsketida
kl. 11:00 Helgheim kyrkje
Gudsteneste
kl. 12:15 Årsmøte for Helgheim sokneråd
19.04: 3. søndag i påsketida
kl. 17:00 Vassenden kyrkjesenter
Samtalegudsteneste / Ungdomsgudsteneste

26.04: 4. søndag i påsketida kl. 11:00
Haugtun / Stardalen
Gudstenesta er ute i teltet ved Sommarkaféen / Haugtun.

MAI

03.05: 5. søndag i påsketida.
11:00 Helgheim kyrkje
Konfirmasjonsgudsteneste

10.05: 6. søndag i påsketida
kl. 11:00 Vassenden kyrkjesenter
Konfirmasjonsgudsteneste

14.05: Helgetorsdag kl. 11:00 Ålhus kyrkje
Konfirmasjonsgudsteneste

17.05: Familiegudstenester kl. 11:00
Helgheim kyrkje kl. 12:30 Ålhus kyrkje
(ikkje gudsteneste dette året)
Vassenden kyrkjesenter

24.05: Pinsedag kl. 11:00 Ålhus kyrkje
Høgtidsgudsteneste

25.05: 2. pinsedag kl. 11:00
Dvergdsalsstøylen Støylsgudsteneste

31.05: kl. 11:00 Helgheim kyrkje
Familiegudsteneste, Tårnagentane deltek.

JUNI

07.06: 2. søndag i treeiningstida
kl. 11:00 Vassenden kyrkjesenter
Gudsteneste

Døpte



ÅLHUS SOKN

Vassenden kyrkjesenter

18.01.26 Tale Andersen Fluge
04.01.26 Theo Eide Husabø
(døpt i Naustdal kyrkje)
11.01.26 Aslak Haugen Hetle
(døpt i Førde kyrkje)

Ålhus kyrkje

08.02.26 Ane Kvalevåg Gjesdal

Vigde



ÅLHUS SOKN Ålhus kyrkje

31.12.25 Kristin Øksendal
og Hallvard Inge Henriksbø

Gravferden



ÅLHUS SOKN

Vassenden kyrkjesenter/ Vassenden gravplass

19.12.25 Bernhard Strand
26.02.26 Oddfrid Fleten
03.03.26 Alvhild Josefine Eikås
06.03.26 Sigrid Haugse Fluge

HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje/Helgheim kyrkjegard

11.12.25 Trygve Normann Sægrov
29.01.26 Anne Lise Mandelid Årdal
30.01.26 Brita Kongsvik
03.02.26 Jarl Yndestad



Vietnam Veterans Memorial i Washington, D.C.

– Eg har ikkje sett nokon vinnar!

Nåde. Fred vere med dykk.
Tilgjeving. Snu det andre
kinnet til. Likeverd. Ta alt i
beste meining.

Vi som har levd nokre år, har opplevd den kalde krigen, våpenkappløp, opprusting og atomtrugsmålet på sitt verste. Som smågut hugsar eg korleis vi som 5-6 åringar drofta kva vi skulle gjere når det vart krig.

Vi har vore gjennom eit år der vi har feira Landslova. Den bygde på kristenretten. Alle menneske har ein verdi, sjølv kvinner, born og slavar. Det vart etter kvart slutt på blodhemn, «utsetjing» av born, trølar. Mellom personar, gardar og slekter vart det ikkje lenger kven som hadde dei skarpaste sverda og beste rustningane, som avgjorde om ein skulle overleve. «Våpenkappløpet» var ikkje lenger avgjerande.

Men mellom nasjonar, eller rettare sagt, mellom dei to militærblokkene, Nato og Warszawapakta, var framleis den kalde krigen og våpenkappløpet «tryggingsgarantien».

Kva er egentleg å vere modig? Er det å peise på med å ta alt i verste meining. Halde fram å bruke resursane på «kald krig». Ikkje samarbeide om noko?

I 1986 var det to modige presidentar som møttest i Reykjavik. Den amerikanske presidenten Ronald Reagan og den russiske presidenten Mikhail Gorbasjev. Dei tok kvarandre i handa, avlyste den kalde krigen og starta 10-år med nedrusting.

Noreg og alle andre, kunne bruke mindre resursar på våpen og militærvesen, og meir resursar på nyttige ting. Folk til folk-samarbeidet, ikkje minst på nordkalotten, blomstra. Det låg mykje fredsskapande i å ha samkvem med kvarandre og sjå at vi er vanlege menneske på begge sider av grensa.

Kva skjer i dag? Det framstår som om alle er samde om ny kald krig og ny opprusting, ta alt i verste meining og stoppe alt samarbeid, er det som fremjar fred.

For nokre år sidan hadde eg litt ledig tid etter møte i Washington DC. Eg rusla ned frå The Capitol Hill, ned forbi romfartsmuseet og dei andre musea, forbi Det kvite Hus, i retning minnesmerka etter dei ame-

rikanske storkrigane og æreskyrkjegarden i Arlington.

Minnesmerket for dei falne amerikanarane, er to store polerte granittveggar der alle namna er graverte inn etter dødsdato, 58.267 personar. Totalt tal drepne i Vietnamkrigen, om lag 5.000.000 personar.

Eg la merke til ein røsleg eldre amerikansk mann som veksle nokre ord med ein av vaktene der, for han vende seg bort for å gå. Eg var freidig nok til å stanse han med spørsmålet, «var du med i Vietnamkrigen?» «Ja, eg var med i Vietnamkrigen, Koreakrigen og 3-4 andre krigar. Fleire krigar rakk eg ikkje.» Så snudde han seg og byrja å gå bort. Men så han bråsnudde seg mot meg att. Eg trur han var redd at eg idylliserte krig. «*Dei seier at når du har skote ned ein mann, så har du vunne. Eg har ikkje sett nokon vinnar!*» «Eg såg ein ung amerikansk soldat komme. Han vart skoten ned i det han steig av bussen.»

